

Bygda mot havet

Nordvest på øya midt i mot havet,
reiser seg høge og stupbratte fjell.
Storbåra bryt i mot fall så det durar,
skraping i dragsug av småstein og skjell.

Hauststormar sjoar, husa dei rister,
hvining om nova, haglskur og slaps.
Stormskyar gjagar, trea dei svager,
dag etter dag berre gråver og graps.

Når over bygda sola ho varmar,
sjøen han smiler svartstille i vik.
Fuglen bygg reir oppi fjell og på Holmen.
Tjelden han plystrar, måsen han skrik.

Folket dei strevar på åkrar og bør
pløyer og sår, medan linerla sprett.
Fiskeren strevar med liner og teiner.
småguten badar så sjøen han skvett.

Fager er bygda midtsumardagen.
Åker og eng stend i bløming og flor.
I gult og i grønt, ja i alle slags fargar,
nikkande blomar frå fjell og til fjord.

Lat hauststormar ula, lat husa dei riste,
lat storhavet dura så knapt vi får ro.
Når sola igjenn over fjellkanten stiger,
vi gløymer snart alt og pånytt får vi mot.

Tekst: Harald Petterson Ulla